



Nils Ove Vassdal
Mongstadbase AS
5954 MONGSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/922 - 14/5648

Saksbehandlar:
Øyvind Hatleli
oyvind.hatleli@radoy.kommune.no

Dato:
02.06.2014

Søknad om godkjenning av forvaltningsplan for hjort for perioden 2014-2016 - sakshandsaming

Viser til dykkar søknad om godkjenning av ny bestandsplan for hjort på vald 4, Statoil Mongstad for 2014-2016.

Sakshandsaming:

Bestandsplanar for hjort må godkjennast av kommunen. Krav til bestandplan står skreve i viltlova § 19 med rundskriv. Ein bestandsplan bør så langt det let seg gjera gjelde for ein heil bestand av hjort. Dette vil under normale forhold tilseie eit mykje større areal enn det Mongstad har. Sidan Mongstadvaldet er gjerda inn kan ein med stor sikkerheit slå fast at det er ein eigen bestand som vert forvalta. Valdet på Mongstad stiller i ei særstilling her, og kravet om 20 gonger minstearealet vil ikkje vere naudsynt for å forvalte hjortebestanden. Dette stettar kravet i forskrifta om at ein skal forvalte hjortevilt på bestandsnivå.

Vedlagte bestandsplan inneheld oversikt over planlagd årleg uttak av ulike kjønns og alderskategoriar, og ei målsetting for bestandsutviklinga, jf. § 19 i forskrift om forvaltning av hjortevilt. Bestandsplanen kan godkjennast etter dette punktet.

Tidlegare bestandsplan syner å ha fungert bra, og den nye bestandsplanen verkar god og kunnskapsbasert. Omsynet til kjønns- og alderssamansetninga i bestanden er godt ivaretatt, og vidare utvikling av bestanden er gjennomtenkt og fagleg grunngjeve.

Landbrukskontoret finn at ein kan godkjenne bestandsplanen for Mongstad vald for 2014 til 2016, slik den er beskrive i vedlagte søknad.

Vedtak:

Landbrukskontoret godkjenn ny bestandsplan for Mongstad vald.

- Det vert løyvd fellingstillatelse for 28 dyr over tre år.
- Bestandsplanen er gyldig frå 2014-2016.
- Avskytinga skal fylgje bestandsplanens oppsett så langt det let seg gjera.

Vedtaket har heimel i viltlova og forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 18 og 19.

Vedtaket kan påklagast jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefrist er tre veker etter mottat vedtak.

Med helsing

Øyvind Hatleli
spesialkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bestandsplan for hjort vald 4 Statoil Mongstad Austrheim Kommune 2014-2016
Fellingstillatelse_Hjort_1264V0004_2014

Mottakere:

Nils Ove Vassdal

Mongstadbase AS 5954

MONGSTAD